



Årdal kommune

Kommunestyret

MØTEPROTOKOLL

Møtedato: 30.04.2026

Møtetid: Kl. 13:00 - 15:30

Møtestad: Kommunestyresalen

Saksnr.: 017/26 – 022/26

Følgjande medlem møtte	Parti
Anita Hagen Lægreid	AP
Anne Kauppi	AP
Bodil Helen Selland Nordnes	AP
Christian Sønstlien	AP
Geir Kjetil Øvstetun	AP
Ingvill Eldegard	AP
Jasmin Eminovic	AP
Kari Bjørg Måren	AP
Kirsti Eklund	AP
Marie-Helene H. Brandsdal	AP
Rune Blikken	AP
Tor Erik Sveen	AP
Bjørn Thomas Haugen	H
Knut Arne Klingenberg	H
Trude Gjermo	H
Line Hillestad	UA
Siv Aspeseter	UA
Trond Akre	UA
Vidar Lerum	UA

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti
Jan Inge Buene	AP	Morten Skarsbø	AP
Jarle Magne Teigen	H	Trude Klingenberg	H

Møteleiar:	Ordførar Christian Sønstlien
Frå adm. møte:	Kommunedirektør Mette Hestetun Berg

Merknader:

Marie Helene H. Brandsdal, AP ba om permisjon frå sak 022/26.

Samrøystes innvilga.

Sakliste

Sak nr	Sakstittel
PS-017/26	Konstituering av møte
PS-018/26	Referatsaker og orienteringar
PS-019/26	Årsmelding kontrollutvalet 2025
PS-020/26	Utvida skjenketid i samband med fotball-VM for herrer i 2026
PS-021/26	Val av representantar til Sogn Vekst AS
PS-022/26	Årsmøte Årdal Tenk Tryggleik

Saksnr.	Utval	Møtedato
017/26	Kommunestyret	30.04.2026

Sakshandsamar: Laila Irene Røneid

Arkiv:

Arkivsak: 26/570 -
Ugyldig flettefelt

Konstituering av møte

1. Opning av møte
2. Godkjenning av innkalling
3. Godkjenning av sakliste
4. Møteprotokoll - det skal veljast to personar som skal godkjenne møteprotokollen i lag med møteleiar

30.04.2026 Kommunestyret

Ingen merknad til innkalling og sakliste.

Framlegg på Bjørn Thomas Haugen, H og Kari Bjørg Måren, AP til å godkjenne og signere møteprotokoll i lag med ordførar.
Samrøystes.

KST - 017/26 Vedtak

Innkalling og sakliste godkjent utan merknad.

Bjørn Thomas Haugen, H og Kari Bjørg Måren, AP skal godkjenne og signere møteprotokoll i lag med ordførar.

Årdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
018/26	Kommunestyret	30.04.2026

Sakshandsamar: Laila Irene Røneid

Arkiv:

Arkivsak: 26/570 -
Ugyldig flettefelt

Referatsaker og orienteringar

Orienteringar i møte:

1. Sognefjorden v/Statsforvaltaren i Vestland
2. Folkehelse- og oppvekstprofilen for 2026
3. Orientering om aktuelle saker frå ordførar

Dokument i saka:

Saksnr.	Tittel
	Uttale frå Årdal kommune om framlegget om å ikkje starte opp Vg1 studiespesialisering ved Årdal vidaregåande skule
	Høyringsuttale Årdal kommune - Endringer i vassdragsreguleringsloven og vannfallrettighetsloven (felles konsesjonskraftpris)
	Høring - Forslag til endringer i valgloven
	Forvaltningsrevisjonsrapport - Internkontroll - Avvikshandtering
	Utsendingsbrev - høyring av Sognefjorden marine verneområde

30.04.2026 Kommunestyret

I møtet vart det gjeve orienteringar om:

1. Vern av Sognefjorden v/Statsforvaltaren i Vestland
2. Folkehelse- og oppvekstprofilen for 2026 v/folkehelsekoordinator Taryn Malkhassian
3. Orientering om aktuelle saker frå ordførar
 - Hovudutval for opplæring og kompetanse har gjort vedtak om at Årdal vidaregåande skule får oppretthalde skuletilbodet.
 - Hovudutval for næring har vedteke omstillingsstatus for Årdal for dei neste 6 år.
 - Vest Politidistrikt har lagt fram rapport for ressursbruk og varsla at kontoret i Årdal blir lagt ned. Stortinget skal gjere endeleg vedtak.
4. Forvaltningsrevisjonsrapport - internkontroll/avvik

KST - 018/26 Vedtak

Referatsaker og orienteringar vert tekne til vitande.

Saksnr.	Utval	Møtedato
019/26	Kommunestyret	30.04.2026

Sakshandsamar: Laila Irene Røneid

Arkiv:

Arkivsak: 24/370 -
Ugyldig flettefelt

Årsmelding kontrollutvalet 2025

Saka gjeld

Kontrollutvalet skal årleg gi årsmelding til kommunestyret, jf. kommunelova kapittel 23 og forskrift om kontrollutval og revisjon. Årsmeldinga gir ei samla orientering om verksemda i kontrollutvalet og kontrollarbeidet som er gjennomført på vegner av kommunestyret i løpet av året.

Årsmeldinga blir lagd fram til orientering. Kommunelova og forskrifta inneheld ikkje krav om at kommunestyret skal gjere vedtak i saka.

Tilråding:

Kommunestyret tek årsmeldinga frå kontrollutvalet for 2025 til orientering.

30.04.2026 Kommunestyret

Tilråding vart teken opp til røysting.
Samrøystes.

KST - 019/26 Vedtak

Kommunestyret tek årsmeldinga frå kontrollutvalet for 2025 til orientering.

Vedlegg:

Årsmelding kontrollutvalet Årdal 2025 - innstilling frå kontrollutvalet
Årsmelding 2025 - kontrollutvalet i Årdal

Saksnr.	Utval	Møtedato
035/26	Formannskapet	23.04.2026
020/26	Kommunestyret	30.04.2026

Sakshandsamar: Laila Irene Røneid

Arkiv:

Arkivsak: 26/493 -
Ugyldig flettefelt

Utvida skjenketid i samband med fotball-VM for herrer i 2026

Saka gjeld

Prinsippavklaring om Årdal kommune skal opne for mellombels utvida skjenketid i samband med fotball-VM for herrer 2026. Ei slik opning føreset at Stortinget vedtek naudsynte mellombelse endringar i alkohollova.

Bakgrunn

Regjeringa har sendt proposisjon (Prop. 88 L) til Stortinget om mellombels endring av alkohollova. Endringa opnar for at kommunane kan tillate skjenking av alkoholhaldig drikke under 22 volumprosent utover ordinær maksimaltid i samband med fotball-VM for herrer 2026. Unntaket gjeld perioden 11. juni til 19. juli 2026, og føreset at skjenkestaden viser direktesende VM-kampar for gjestene.

Dersom endringa vert vedteken nasjonalt, er det opp til kvar enkelt kommune å avgjere om og i kva omfang utviding av skjenketid skal nyttast.

I Årdal kommune har to godkjende skjenkeverksemdar signalisert at dei ønskjer å søkje om utvida skjenketid i samband med fotball-VM, dersom kommunen opnar for dette.

Saka vert lagd fram som ei prinsipiell avklaring innanfor rammene av alkohollova, kommunen sine alkoholpolitiske retningslinjer og rusfagleg handlingsplan.

Gjeldande regelverk og kommunale føringar

- Alkohollova gir kommunen ansvar for fastsetjing av skjenketider.
- Alkoholpolitiske retningslinjer i Årdal kommune skal sikre trygge og føreseielege rammer for skjenking.
- Rusfagleg handlingsplan for Årdal kommune har som mål å redusere rusrelaterte skadar, med særleg omsyn til barn, unge og sårbare grupper.

Ei eventuell opning for utvida skjenketid må vurderast opp mot desse føringane.

Skjenketider i Årdal kommune

Gjeldande skjenketider er:

- *Gruppe 1 (øl) og gruppe 2 (vin): kl. 08.00–02.00*
- *Gruppe 3 (brennevin): kl. 13.00–01.00*

Klingenberg hotell har, som einaste turisthotell, skjenketid for gruppe 1, 2 og 3 til kl. 03.00, jf. kommunestyrevedtak frå 1993.

Der skjenkeløyvet omfattar uteservering, kan skjenking skje ute til kl. 24.00.

Forbruk av skjenkt alkohol skal avsluttast seinast 30 minutt etter skjenketida, jf. alkohollova § 4-4.

Drøfting

Ei opning for mellombels utvida skjenketid kan gi positive verknader for lokale skjenkestader, særleg i samband med VM-kampar som vert sendt seint på kveld eller natt. Skjenking vil i så fall skje innanfor etablerte rammer, med krav til ansvarleg vertskap og kommunal kontroll.

Samtidig viser erfaring at utvida skjenketid kan føre til auka alkoholkonsum og fleire rusrelaterte hendingar. Dette kan gi større belastning på politi, legevakt og helse- og omsorgstenester, og er ikkje i samsvar med målsetjingane i kommunen sitt rusførebyggjande arbeid.

Liberaliserte skjenketider kan òg ha uheldige signaleffektar, særleg sett i lys av førebyggjande arbeid retta mot barn og unge. Vidare kan sjølv mellombelse unntak skape forventningar om varige endringar i kommunen sin skjenkepolitikk.

Kommunedirektøren vurderer at saka inneber ei politisk avveging mellom omsynet til næringsliv og arrangement på den eine sida, og omsynet til folkehelse, tryggleik og førebyggjande arbeid på den andre sida.

Det ligg føre tydelege faglege tilrådingar frå kommuneoverlege, folkehelsekoordinator og rusfagleg ansvarleg om at utvida skjenketid ikkje vert tilrådd. Vurderingane er i tråd med målsetjingane i kommunen sine alkoholpolitiske retningslinjer og rusfaglege handlingsplan.

Fotball-VM er i skuleferien, ein periode som i førebyggjande arbeid vert vurdert som meir sårbar. Barn og unge har mindre struktur i kvardagen, og auka synlegheit av natteliv og rus kan verke uheldig.

Vidare fell perioden saman med ferieavvikling i helse- og omsorgstenestene, noko som kan redusere beredskap og tilgangen til tenestene er meir sårbare.

Sjølv om det er signalisert interesse frå to skjenkeverksemdar, må det vurderast om næringsomsyn bør overvege dei langsiktige omsyna til folkehelse, førebygging og ein restriktiv alkoholpolitikk.

Folkehelse

Alkohol er ein sentral risikofaktor for redusert folkehelse, og regulering av skjenketider er eit viktig verkemiddel for å avgrense tilgjenge og skadeverknader. Auka tilgang på alkohol på nattetid er dokumentert å auke risiko for vald, ulukker og helserelaterte hendingar.

Økonomi

Alkohollova gir kommunen høve til å krevje gebyr for sakshandsaming og kontroll. Ei eventuell opning for mellombels utvida skjenketid vil medføre meirarbeid for kommunen knytt til sakshandsaming, vilkårsvurdering, kontroll og oppfølging. Opning for utvida skjenketid bør

difor løyse ut ekstra gebyr eller krav om dekning av kostnader til kontroll og tilsyn, slik at kommunen ikkje får auka meirutgifter.

Miljø

Saka er vurdert å ikkje ha vesentlege direkte konsekvensar for ytre miljø. Eventuelle indirekte verknader, som støy og trafikk i nattetid, vert vurderte som avgrensa og mellombelse.

Juridisk vurdering

Lokal opning for utvida skjenketid føreset at Stortinget vedtek mellombels endringar i alkohollova. Eventuelle lokale vedtak må vere i samsvar med alkohollova, forskrift og kommunale retningslinjer.

Pro et contra

Argument for utvida skjenketid

- Næringsomsyn og auka lokal omsetnad
- Skjenking i kontrollerte rammer
- Skjenkestader som sosial møteplass
- Tidsavgrensa og mellombels ordning

Argument mot utvida skjenketid

- Folkehelseomsyn og rusførebygging
- Kan føre til auka belastning på kommunale tenester
- Klar fagleg tilråding frå helse- og rusfagleg hald
- Uheldige signaleffektar

Kommunedirektøren vurderer at Årdal kommune, med føresetnad om Stortinget sitt vedtak, kan velje anten å opne for mellombels utvida skjenketid i samband med fotball-VM for herrar 2026, eller å vidareføre gjeldande skjenketider. Begge alternativa ligg innanfor kommunen sitt handlingsrom og inneber ei avveging mellom omsynet til næringsliv og arrangement, og omsynet til folkehelse, tryggleik og førebyggjande arbeid.

Val av løysing er ei politisk vurdering.

Alternativ 1

Årdal kommune opnar, under føresetnad av Stortinget sitt vedtak, for mellombels utvida skjenketid i samband med fotball-VM for herrar 2026, med følgjande avgrensingar og vilkår:

1. ordninga er tidsavgrensa til perioden 11. juni – 19. juli 2026
2. ordninga gjeld berre skjenking av alkohol under 22 volumprosent
3. utvida løyve kan kun tildelast til dei som har allment skjenkeløyve og som viser direktesende VM-kampar
4. det vert stilt krav om ekstra gebyr og forsterka kontroll
5. kommunedirektøren får delegert fullmakt til å tildele løyve og til å fastsetje nærare vilkår for gebyr, vakthald og kontroll

Alternativ 2

Årdal kommune opnar ikkje for mellombels utvida skjenketid i samband med fotball-VM for herrar 2026, og gjeldande skjenketider vert vidareført som dei er.

Kommunedirektøren vurderer at omsynet til folkehelse og førebyggjande arbeid bør vegast tungt i saka. Det ligg føre klare faglege tilrådingar om at utvida skjenketid ikkje vert tilrådd, og desse vurderingane er i tråd med målsetjingane i kommunen sin rusfaglege handlingsplan og alkoholpolitiske retningslinjer.

Kommunedirektøren vurderer med bakgrunn i dette at Årdal kommune ikkje opnar for mellombels utvida skjenketid under fotball-VM og tilrår alternativ 2.

Tilråding:

Årdal kommune opnar ikkje for mellombels utvida skjenketid i samband med fotball-VM for herrar 2026, og gjeldande skjenketider vert vidareført som dei er.

23.04.2026 Formannskapet

Tilråding vart teken opp til røysting.

Vedteke mot 1 røyst (AP)

Fskap - 035/26 Vedtak

Årdal kommune opnar ikkje for mellombels utvida skjenketid i samband med fotball-VM for herrar 2026, og gjeldande skjenketider vert vidareført som dei er.

30.04.2026 Kommunestyret

Framlegg om alternativ 1 som ny tilråding og med endring av punkt 1 i tilrådinga, foreslått av Kari Bjørg Måren, Arbeiderpartiet

Alternativ 1

Årdal kommune opnar, under føresetnad av Stortinget sitt vedtak, for mellombels utvida skjenketid i samband med fotball-VM for herrar 2026, med følgjande avgrensingar og vilkår:

1. ordninga er tidsavgrensa til perioden 11. juni – 19. juli 2026, **skjenketida vert utvida frå kl. 02.00 til 03.30**
2. ordninga gjeld berre skjenking av alkohol under 22 volumprosent
3. utvida løyve kan kun tildelast til dei som har allment skjenkeløyve og som viser direktesende VM-kampar
4. det vert stilt krav om ekstra gebyr og forsterka kontroll
5. kommunedirektøren får delegert fullmakt til å tildele løyve og til å fastsetje nærare vilkår for gebyr, vakthald og kontroll

Tilråding fra formannskapet vart teken opp til røysting mot framlegg frå Kari Bjørg Måren, AP Røysting.

Tilråding frå formannskapet falt mot 12 røyster.

KST - 020/26 Vedtak

Årdal kommune opnar, under føresetnad av Stortinget sitt vedtak, for mellombels utvida skjenketid i samband med fotball-VM for herrar 2026, med følgjande avgrensingar og vilkår:

1. ordninga er tidsavgrensa til perioden 11. juni – 19. juli 2026, skjenketida vert utvida frå kl. 02.00 til 03.30
2. ordninga gjeld berre skjenking av alkohol under 22 volumprosent
3. utvida løyve kan kun tildelast til dei som har allment skjenkeløyve og som viser direktesende VM-kampar
4. det vert stilt krav om ekstra gebyr og forsterka kontroll
5. kommunedirektøren får delegert fullmakt til å tildele løyve og til å fastsetje nærare vilkår for gebyr, vakthald og kontroll

Vedlegg:

Prop88L - midlertidig endring av maksimaltid for skjenking

Innspel om utvida skjenketid frå kommuneoverlege og folkehelsekoordinator

Uttale fotball-VM - uttale frå fagleiar rustenesta

Saksnr.	Utval	Møtedato
021/26	Kommunestyret	30.04.2026

Sakshandsamar: Laila Irene Røneid

Arkiv:

Arkivsak: 23/1304
- Ugyldig flettefelt

Val av representantar til Sogn Vekst AS

Saka gjeld

Val av representantar frå Årdal kommune til styret i Sogn Vekst AS.

Bakgrunn

Sogn Vekst AS er eit aksjeselskap eigd av Årdal kommune og Hydro Aluminium Årdal. Selskapet er ei Vekst-bedrift med føremål om å skape arbeidsplassar for yrkeshemma og å produsere og selje varer og tenester som har samanheng med dette føremålet.

I samsvar med vedtektene for Sogn Vekst AS skal selskapet leiast av eit styre på tre medlemmar. Årdal kommune skal innstille to styremedlemmar med varamedlemmar, medan Hydro Aluminium Årdal innstiller eitt styremedlem med vara. Styreleiar vert valt av generalforsamlinga.

Funksjonstida for styremedlemmane er to år. Det er difor behov for å gjennomføre val av Årdal kommune sine styremedlemmar og varamedlemmar til styret i Sogn Vekst AS for ny periode. Generalforsamling er i juni månad.

Drøfting

Årdal kommune er hovudeigar i Sogn Vekst AS og har eit særleg ansvar for å følgje opp selskapet sitt samfunnsoppdrag. Det er viktig at kommunen sine representantar har god forståing for kommunal verksemd, eigarstyring og selskapet sitt føremål.

Tilråding:

Følgjande styremedlemer og varamedlemer vert valt til styret i Sogn Vekst AS for perioden 2026-2028 frå Årdal kommune:

1. Styremedlem:

Varamedlem:

2. Styremedlem:

Varamedlem:

30.04.2026 Kommunestyret

Val av representantar til Sogn Vekst., foreslått av Marie-Helene H. Brandsdal, Arbeiderpartiet

Valnemnda sin instilling:

Representantar:

Ingvill Eldegard

Greta Steinheim

Vararepresentantar:

Jasmin Eminovic

Torstein Grøv

Leiar i valnemnda Marie-Helene H. Brandsdal, AP fremja forslag frå valnemnda.

Framlegg vart teken opp til røysting.

Samrøystes.

KST - 021/26 Vedtak

Følgjande styremedlemer og varamedlemer vert valt til styret i Sogn Vekst AS for perioden 2026-2028 frå Årdal kommune:

Styremedlem Greta Steinheim med personleg vara Jasmin Eminovic

Styremedlem Ingvill Eldegard med personleg vara Torstein Grøv

Saksnr.	Utval	Møtedato
022/26	Kommunestyret	30.04.2026

Sakshandsamar: Svein Ove Åmås

Arkiv:

Arkivsak: 25/117 -
Ugyldig flettefelt

Årsmøte Årdal Tenk Tryggleik

Saka gjeld

Årsmelding 2025 og handlingplan 2026 for Årdal Tenk Tryggleik.

Bakgrunn

Årdal Tenk Tryggleik (ÅTT) er kommunen sitt tverrfaglege førebyggjande samarbeid innan tryggleik, trafikksikkerheit, brannførebygging og arbeid retta mot barn, unge og eldre.

Årsmeldinga for 2025 viser brei aktivitet og godt samarbeid mellom kommune, politi, næringsliv og frivillige organisasjonar. Arbeidet omfattar mellom anna førebyggjande heimebesøk til 80-åringar, trafikksikkerheit ved skular, branntryggleik for sårbare grupper og haldningsskapande tiltak for ungdom.

Årsmeldinga peikar òg på utfordringar knytt til politiberedskap og behov for vidare styrking av førebyggjande arbeid

Handlingsplanen for 2026 legg opp til vidareføring og styrking av det tverrfaglege førebyggjande arbeidet. Prioriterte område er trafikksikkerheit, trygg skuleveg, førebyggjande innsats i barnehage og skule, samt vidareføring av faste tiltak som heimebesøk til 80-åringar og Politikameratane. Planen vektlegg tett samarbeid mellom kommune, politi og andre aktørar for å sikre eit trygt lokalsamfunn.

Tilråding:

Kommunestyret tek årsmelding for Årdal Tenk Tryggleik 2025 til orientering og sluttar seg til handlingsplan for 2026.

30.04.2026 Kommunestyret

Tilråding vart teken opp til røysting.
Samrøystes.

KST - 022/26 Vedtak

Kommunestyret tek årsmelding for Årdal Tenk Tryggleik 2025 til orientering og sluttar seg til handlingsplan for 2026.

Vedlegg:

Årsmelding Årdal Tenk Tryggleik 2025

Handlingsplan 2026 Årdal Tenk Tryggleik